



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
26.02.2018
Dykkar dato
31.01.2018

Vår referanse
2018/157- 461.5
Dykkar referanse

Osland Settefisk AS
Sørebø

5962 Bjordal

Osland Settefisk AS - løyve til utfylling i Østerbøvatnet ved Sørebø

Fylkesmannen gir Osland Settefisk AS løyve etter ureiningslova til utfylling ved Sørebø i sørenden av Østerbøvatnet i Høyanger kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må gjennomførast innan tre år. For arbeidet Fylkesmannen har hatt med handsaming av søknaden, vert det varsla at det må betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad datert 08.11.2017 om løyve etter ureiningsregelverket til utfylling i Østerbøvatnet like utanfor Osland Settefisk AS på Sørebø. Vi viser også til møte, telefonsamtalar og andre dokument i saka.

I samband med bygging av Østerbø kraftverk, har SFE Produksjon AS (SFE) fått løyve til å dumpe / fylle ut med overskotsmassar frå driving av krafttunnel i Østerbøvatnet like utanfor tunnelpåhogget og riggområdet. Det er sett som vilkår i løyvet til SFE at tunnelmassane, så langt det er råd, skal nyttast til samfunnsnyttige tiltak. Osland Settefisk AS søkjer om å få fylle ut i vatnet for å kunne vinne land til utviding av industriområdet på Sørebø. Dei søkjer i utgangspunktet om å nytte inntil 130 000 m³ av desse tunnelmassane til utfylling. Det totale arealet det skal fyllast på, er om lag 122 000 m².

For å kunne starte opp tiltaket før alt for mykje av massane har gått tapt, har Sunnfjord Entreprenør AS på vegner av Osland Settefisk AS søkt Høyanger kommune om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen. Kommunen har gitt dispensasjon til utfylling med 54 000 m³ massar i austre delen av planområdet, det vil seie i området lengst vekk frå osen av Sørebøelva.

Sedimentgransking i tiltaksområdet viser at botnen ikkje er ureina med tungmetall eller organiske miljøgifter over gitte grenseverdier. På grunn av storleiken på tiltaket, og at det i første omgang er ei dispensasjonssak etter plan- og bygningslova har Fylkesmannen likevel vurdert saka slik at tiltaket krev løyve etter ureiningslova.

Med heimel i § 11, jf. § 16 i lov om forurensninger og om avfall (ureiningslova), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Osland Settefisk AS løyve til å fylle ut med inntil 54 000 m³ tunnelmassar i Østerbøvatnet, utanfor det eksisterande anlegget på Sørebø i Høyanger kommune. Utfyllinga skal starte lengst aust i tiltaksområdet. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i tre år. Dersom tiltaket ikkje vert gjennomførte innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.

Gebyr for sakshandsaminga vert varsla til kr. 19 700,-.

Vilkår for løyvet

1. Det skal nyttast tunnelmassar (overskotsmassar) frå utbygginga av Østerbø kraftverk til utfyllinga.
2. Det skal fyllast ut innanfor det arealet som er omfatta av situasjonsplanen frå Sunnfjord Entreprenør AS datert, 01.02.2018. Det kan fyllast ut med inntil 54 000 m³. Utfyllinga skal starte lengst aust i planområdet.
3. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.
4. Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreining av finstoff. Metodane må vere slik at eit minimum av vatn vert blanda saman med massane under utfyllinga, eller at botnsedimenta går i suspensjon.
5. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarende arrangement for å hindre at plastureining og finstoff vert spreidd til Søreboelva og til Østerbovatnet. For å sikre at smolten som går ut frå elva ikkje vert skada, må det i tillegg ikkje utførast arbeid nær elveosen i mai månad.
6. Effekten av avbøtande tiltak skal overvakast ved visuell inspeksjon og ved hjelp av turbiditetsmålingar. Grenseverdien for turbiditet vert sett til 10 NTU over turbiditeten på ein referansestasjon i eit upåverka område så nær tiltaksområdet som mogleg. Dersom turbiditeten overstig grenseverdien, må arbeidet stansast, og det må setjast i verk naudsynte tiltak for å finne årsaka til overstiginga og for å bringe turbiditeten tilbake på stabilt nivå under grenseverdien. Resultata frå turbiditetsmålingane skal loggførast.
7. Dersom det oppstår unormale tilhøve som har, eller kan få, ureiningskonsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.
8. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultata av arbeidet vert presenterte og vurderte i tråd med vilkåra som er sette i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført og skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt nytta til utfyllinga (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
 - Omtale av korleis arbeidet er utført (metodar).
 - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk.
 - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg.

Omtale av tiltaket

Osland Settefisk AS har søkt Fylkesmannen om løyve etter ureiningsregelverket til utfylling i Østerbovatnet. Tiltaket det er søkt om er knytt til eksisterande fylling ved settefiskanlegget på Sørebo. Det er i utgangspunktet planlagt å fylla ut med til saman om lag 130 000 m³ overskotsmassar frå utbygginga av Østerbo kraftverk. Søkjar har inngått avtale med SFE om å få overta desse massane og nyttiggjere dei i staden for at dei vert dumpa / fylt ut med utanfor kraftverksområdet ved Rustelvane. Massane skal fraktast til tiltaksområdet med lastebil, og utfyllinga skal gå føre seg frå land, ved hjelp av gravemaskin med lang stikke.

I føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, har Høyanger kommune sett krav om at det på område, som er avsette til eksisterande eller framtidige bygg og anlegg, samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, ikkje kan gjennomførast tiltak før vedteken reguleringsplan ligg føre.

SFE har alt starta opp arbeidet med bygginga av Østerbo kraftverk, og per i dag vert tunnelmassane dumpa i vatnet. For å komme i gang med tiltaket, og for å hindre at for mykje av massane «går tapt»,

søkte Sunnfjord Entreprenør AS den 08.01.2018 på vegner av Osland settefisk AS Høyanger kommune om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel fram til detaljreguleringsplan for området etter planen vert vedteken, truleg i løpet av sommaren/hausten 2018. Det er søkt å få fylle ut med 54 000 m³ massar. Søknaden er basert på resultat frå Norconsult si geotekniske prosjektering av den austre delen av utfyllingsområdet (jf. rapporten «Utfylling Østerbøvatnet, Høyanger kommune Geoteknisk prosjektering – Fylling øst, datert 05.01.2018).

I følgje Norconsult er det, på grunn av vanskelege grunntilhøve, behov for ei meir omfattande vurdering av den planlagde «fylling vest» mot osen av Søreboelva.

I følgje Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2015), er dette tiltaket klassifisert som eit stort tiltak. Det er teke sedimentprøvar frå det planlagde utfyllingsområdet. Analyseresultata viser at sjøbotnen ikkje er ureina med tungmetall eller organiske miljøgifter.

Høyring

Fylkesmannen ser på saka som så godt opplyst i samband med Høyanger kommune si handsaming av tiltakshavar sin søknad om dispensasjon frå plankrav, at vi vurderer at det ikkje er naudsynt med ytterlegare førehandsvarsling av dette tiltaket.

Fiskeridirektoratet region Vest og NVE har kome med fråsegner til dispensasjonssøknaden. Fiskeridirektoratet har også sendt søknaden til Sogn og Fjordane Fiskarlag for uttale.

Fiskeridirektoratet krev at det vert nytta siltskjørt i samband med utfyllinga. Fiskarlaget set krav om at massane ikkje gir avsig til vatnet og vidare ut i fjorden.

NVE vurderer at fyllingsarbeidet kan startast i samsvar med søknad om dispensasjon, datert 08.01.2018, utan vidare handsaming etter vassressurslova.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

I følgje ureiningslova § 7 er det forbode å setje i verk «noko» som kan føre til fare for ureining. Fylkesmannen kan, med heimel i av §11 jf. §16 i lova, etter søknad gi løyve til slik aktivitet.

Utfylling med tunnelmassar utgjør eit ureiningspotensial ved at massane vil innehalde både sprengstoffrestar og plastureining. Utfylling med sprengstein i finkorna sediment (<63 µm), vil elles kunne føre til spreining av finstoff både til Østerbøvatnet og mot osen av Søreboelva. Storleiken på tiltaket, og at det i første omgang er ei dispensasjonssak etter plan- og bygningslova, medverkar også til at Fylkesmannen vurderer at tiltaket treng løyve etter ureiningslova.

Vurdering av resipienten

Østerbøvatnet ligg på sørsida av Sognefjorden i Høyanger kommune. Vatnet strekkjer seg om lag tre kilometer søraustover frå Søreide. Vatnet er djupt, ca. 90 m på det djupaste.

Vatnet var opphavleg ferskvatn, men på 1800-talet vart det grave ein kanal frå vatnet og ut i Fuglesetfjorden, som er ein arm til Sognefjorden. Vasstanden vart dermed seinka med to meter, og vatnet vart omdanna til ein brakkvassjø med rote sjøvatn på botnen (under ca. 30 m djupne) og med friskt sjøvatn i dei øvre vasslaga. På toppen ligg eit lag med ferskvatn (0,5-1,0 m tjukt). Oksygenivået minkar nedover i vassmassane. Ved flo og fjøre strøymer vatn høvesvis inn og ut gjennom kanalen og syter for ei viss utskifting av vatnet.

I samband med SFE sin søknad om konsesjon for Østerbø kraftverk, har Sweco utarbeidd eit notat, datert 18.10.2013, som m.a. gjeld straumtilhøva i Østerbøvatnet. Straumane i vatnet vert rekna for å vere lite påverka av avrenning frå nedbørsfelt og tidevatn sidan begge desse kjeldene vert sett på

som små. Vatnet er omkransa av høge fjell og det vert rekna med at straumane i vatnet i stor grad vert indusert av vind. Det er jamt over liten fart på straumane i vatnet, og farten er størst i overflata og minkar med djupna.

Bergartane rundt Østerbøvatnet er jamt over harde og vert dominerte av gneis og kvartsitt. Det er lite lausmassar i og kring vatnet grunna dei harde bergartane. Norconsult si geotekniske undersøking av grunntilhøva, viser at grunnen i den austre delen av utfyllingsområdet består av 10-15 cm tjukk elveavsetning over fast morene. Avsetninga består av eit laust lagra siltig, sandig grusig materiale med innslag av steinblokker, noko som mest truleg har kome med Søreboelva og vorte avsett frå sørenden av vatnet.

Vurdering av ureiningssituasjonen i tiltaksområdet

I samband med søknaden om dispensasjon frå reguleringsplanen og søknad om løyve til utfylling, har det vorte teke prøvar av sedimenta i tiltaksområdet. Analyseresultata er vurderte mot grenseverdiane gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota», og viser at det ikkje er påvist nemneverdig ureining i utfyllingsområdet. Berre for nikkel vart det påvist ei lita overstiging av grensa mellom tilstandsklasse II (god) og III (moderat). Grensa er på 42 µg/kg, medan det vart funne 49 µg/kg. Det er uvisst kva som kan vere årsak til ureining med nikkel sidan det er få kjende ureiningskjelder rundt tiltaksområdet. Utfylling med steinmassar vil vere med å stenge inne ureining som måtte vere på botnen. Dette er under føresetnad om at utfyllinga vert utført på ein skånsam måte slik at botnsedimenta ikkje vert spreidde utover.

Spreiing av finstoff: Sweco har på oppdrag frå SFE undersøkt kva verknader den planlagde utfyllinga deira ved Rustelvane vil kunne ha på miljøet med omsyn til sedimentering av finstoff frå tunnelmassar, oppvirvling av sedimenta på botnen av vatnet og straumar som oppstår i vatnet på grunn av avrenning frå nedbørsfeltet, flo og fjøre og vind. Dette er oppsummert i notatet frå Sweco datert 18.10.2013. Sweco har også utarbeidd rapporten «Utfylling av masser i Østerbøvatnet – konsekvenser for biologisk mangfold» datert 13.11.2013. Denne rapporten viser kva konsekvensar utfylling med massar i Østerbøvatnet kan få for det biologiske mangfaldet jf. vår vurdering etter naturmangfaldlova. Desse vurderingane vil til dels også gjelde for utfyllinga ved Sørebo.

Utfylling med sprengsteinmassar vil kunne tilføre eller virvle opp finpartiklar som anten kan gjere skade på fisk og andre vasslevande organismar som har gjeller, eller som kan slamme ned sjøbotnen, noko som vil kunne øydelegge leveområda til botnlevande organismar. I tillegg kan dette auke faren for spreiiing av ureining dersom sedimenta på staden er ureina.

Nitrogensambindingar: Sprengsteinmassane vil kunne innehalde nitrogensambindingar (i hovudsak ammonium og nitrat) frå sprengstoff som ikkje vert omsett. I følgje opplysningar i søknaden til SFE, skal det nyttast emulsjonssprengstoff med nitrogeninnhald på 26,2 % under fjellsprenginga. Mellom 7 og 15 % av sprengstoffet vert ikkje omsett. Tilførsle av nitrogensambindingar vil kunne ha ein gjødslande effekt på vassmiljøet.

Plastureining: Sprengsteinmassane vil i tillegg kunne innehalde plast og metall i form av restar av skyteleidningar. Desse vil kunne flyte med vassmassane og dermed bli spreidde over eit større område.

Vurdering etter vassforskrifta

Området det er søkt om for utfylling, høyrer inn under vassførekomsten Øystrebøvatnet 069-1451-L (www.vann-nett.no). Vasstypen i Østerbøvatnet er karakterisert som middels, svært kalkfattig og klar. Vatnet var opphavleg ferskvatn, men etter at det vart grave ein kanal ut til fjorden utanfor, vert det rekna som saltvatn / brakkvatn. Vassførekomsten er difor alt sterkt modifisert (SMVF). Både

økologisk potensial og dagens tilstand vert klassifisert som moderat, Kjemisk tilstand er ikkje definert. Miljømålet for vassførekomsten er at han skal oppnå «god».

Fylkesmannen har vurdert om tiltaket det er søkt om kan kome til å verte i strid med vassforskrifta sine reglar om reduksjon av tilstandsklasse i vassførekomsten til lågare enn "god". Med dei avbøtande tiltaka som er fastsette, vil utfyllinga etter vår vurdering ikkje føre til endring av tilstandsklassa i vassførekomsten.

Vurdering etter naturmangfaldlova (nml)

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova seier at naturtypar, økosystem og artar i norsk natur skal takast vare på. Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i lova skal difor leggjast til grunn i offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet.

Utfylling med steinmassar vil påverke det marine miljøet ved at leveområde vert dekkja over. I tillegg vil fisk og andre organismar, som er spesielt kjenslevare overfor suspenderte partiklar, kunne ta skade av tiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8):

Verdfulle naturtypar:

Heile Østerbøvatnet er klassifisert som naturtypen brakkvasspoll og vurdert til å vere av middels verdi. Naturtypen er også vurdert med omsyn til det terrestriske miljøet sidan han kan verke inn på økologien i strandsona. Området vert rekna til å ha middels verdi for verdfulle marine naturtypar.

Laks og sjøaure: Østerbøvassdraget er lakseførande og det er også tilhaldsstad for sjøaure. Det er difor særleg viktig at vassmassane ikkje inneheld steinstøv og anna ureining i den perioden smolten vandrar ut (mai-juni).

Sild: Det har vore hevda at Østerbøvatnet har si eiga sildestamme som skil seg morfologisk frå vanleg norsk vårgytande sild (NVG). DNA- og elektroforesestudiar har ikkje kunne stadfeste at silda her skil seg genetisk frå NVG-sild. Det kan vere at ei eiga sildestamme kan vere utrydda.

Ål: Det har ikkje vore registrert ål i Østerbøvatnet, sjølv om ålen er ein art som lever både i ferskvatn og sjø og som difor teoretisk sett vil kunne førekome i området.

Vurdering av kva effektar tiltaket vil kunne ha for naturmangfaldet: Under føresetnad om at avbøtande tiltak vert sette i verk, er utfylling med sprengsteinmassar i Østerbøvatnet venta å gi middels negativ verknad på det marine miljøet. Sidan verdien for det marine miljøet er middels, gir dette middels negativ konsekvens.

Fylkesmannen vurderer at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for utfyllingstiltaket, er tilstrekkeleg. Det er difor ikkje aktuelt å vurdere tiltaket etter føre-var-prinsippet (jf. § 9).

Samla belastning jf. § 10: Ein verknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil verte utsett for.

I tillegg til steinstøv, plast og sprengstoffrestar frå utfyllingsmassane, vert også reinsa drifts- og dreinsvatn frå tunneldrifta ved Østerbø kraftverk sleppt ut til resipienten.

Gjennom ei av fråsegnene til SFE sin søknad om bygging av Østerbø kraftverk vart det peika på at det no er utgreidd eit anna tiltak i Østerbøvatnet, som går ut på å utvide utløpet frå nordenden av vatnet og ut i Fuglesetfjorden. Rådgivende Biologer har, i samband med utgreiing av dette tiltaket, utarbeidd rapporten «Utviding av utløp frå Østerbøvatnet i Høyanger kommune - Konsekvensutgreiing biologisk mangfald». Her har dei diskutert kva konsekvensar utviding av utløpet vil kunne få når det gjeld vassutskifting, oksygeninnhaldet nedover i vassmassane og saltinnhald. Den allereie sterkt modifiserte vassførekomsten vil kunne bli endra til å verte endå meir modifisert, og

tiltaket vil kunne få verknad både for sjølve naturtypen, førekomst av fisk og andre marine artar og funksjonsområde for desse artane.

Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (jf. § 11). For å unngå skade på naturmiljøet skal det nyttast **driftsmetodar og teknikkar** som ut frå ei samla vurdering vil gi dei beste resultatata (jf. § 12).

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket med dei vilkåra som er sette, vil komme i konflikt med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova.

Vurdering av avbøtande tiltak

Vanlege avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing under utfyllingsarbeid, er å nytte siltgardin, siltskjørt, boblegardin oppsamlingslenser, eller å dekke botnen med geotekstilduk (dersom sedimenta er ureina). Vasking av steinmassane er også ein metode som kan nyttast for å redusere tilførsle av finstoff, sprengstoffrestar og plastureining til resipienten.

I dette tilfellet er ikkje botnen ureina med miljøgifter. Avbøtande tiltak vil difor først og fremst verte etablerte for å hindre spreiiing av partiklar som t.d. kan gjere skade på fisk og andre vasslevande organismar med gjeller. Ei siltgardin eller tilsvarande barriere vil kunne fange opp partiklar og restar av skytestreng. Restar av skytestreng og anna plastmateriale som flyt opp, kan samlast opp innanfor barrieren ved at ein går ut i båt og håvar opp flytande gjenstandar. Plastureining som søkk, vil verte «fanga» i fyllinga.

Effekten av barrieren skal overvakast. Dette kan t.d. gjerast ved visuell inspeksjon, eller ved hjelp av turbiditetsmålingar. Ev. endringar i turbiditet på grunn av utfyllinga kan påvisast ved å måle turbiditeten på utsida av gardina med jamne mellomrom og samanlikne måleverdiane med turbiditeten ved ein referansestasjon i eit upåverka område så nær tiltaksområdet som mogleg. Skilnaden mellom målepunktet og referansestasjonen skal ikkje vere meir enn 10 NTU (turbiditetseiningar). Dersom denne grensa vert overstigen, må arbeidet stoppast til turbiditeten igjen ligg under grenseverdien.

Konklusjon

Fylkesmannen gir Osland Settefisk AS løyve etter ureiningslova §11 jf. § 16 til utfylling med tunnelmassar i Østerbøvatnet etter fastsette vilkår. Vilråra set avgrensingar som vi vurderer vil gjere sitt til at utfyllinga ikkje fører til nemneverdig ureining eller forringing av dei biologiske og økologiske tilhøva i tiltaksområdet.

Løyvet gjeld utfylling med 54 000 m³ massar i austre delen av planområdet, dvs. det området det er gitt dispensasjon for, jf. § 19 i Plan og bygningslova. Tiltakshavar må søke om nytt løyve for resten av utfyllingsarbeidet når reguleringsplanen for området i vest er vedteken.

Ved avgjerda om det skal gjevast løyve, har vi lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket, sett opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre med seg.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknader om løyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Vi varslar med dette at Osland Settefisk AS skal betale eit gebyr på kr.19 700,-.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan tre veker.

Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren frå å hente inn naudsynte løyve eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjering av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket jf. ureiningsforskrifta kap. 36 «behandling av tillatelser etter forurensningsloven» § 36-11. Kunngjeringa må innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Vedtaket vert også kunngjort på Fylkesmannen si heimeside www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Dagny Alvik
fagdirektør

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi på e-post til:

Høyanger kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Sunnfjord Entreprenør AS